


Årsmelding 2024






Innhold

Forord	3
1. Om vassområdet	3
2. Organisering av vassområdet	3
3. Aktivitet i 2024	4
3.1. Oversikt over aktivitet i vassområde	4
3.2 Miljøundersøkingar i vassområdet	7
3.3 Anna aktuelt	7
4. Deltakar i utval og grupper	8
5. Rekneskap for 2024	10
6 Budsjett for 2025	12

Vedlegg 1

Forsidebilde:

Reiseelva (vann-nett; Tysnesøya bekkefelt 054-8-R), Tysnes kommune. Foto: Kari Bjørndal



Forord

Sunnhordland vassområde er eit samarbeidsorgan for kommunar, statlege styresmakter og fylkeskommunen, for å ivareta oppgåver etter vassforskrifta i vassområdet. I tråd med vassforskrifta skal vassområdet arbeide for å «...sikre helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene» (vassforskrifta §1). Vidare skal ein sikre at alle vassførekomstar minst skal oppretthalde eller oppnå god økologisk og god kjemisk tilstand.

I [planperioden 2022–2027](#) skal vedteken forvaltningsplan og tiltaksprogram gjennomførast, parallelt med at den blir revidert og ny [forvaltningsplan for 2028-2033](#) blir utarbeida. Planprogram og hovudutfordringar for Vestland vassregion er på [høyring](#) frå 1. januar til 30. juni 2025. Det er også utarbeidd eit eige hovudutfordrings dokument for Sunnhordland vassområde, men den er ikkje ein del av høyringa.

Vassdraga, grunnvatnet og fjordane i vassområdet skal forvaltast på ein slik måte at miljømåla for vassførekomstane blir nådd. Vassområdeutvalet skal bidra til å kartlegge tilstand og påverknadar i vassførekomstane i vassområdet. Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag gir grunnlag for å vurdere om miljømåla vert nådd. For vassførekomstar i risiko skal kommunane og dei andre sektorstyresmaktane foreslå nødvendige tiltak for å nå miljømåla. Vassområdeutvalet er ei samarbeidsarena for heilskaplege vurderingar av kunnskapsgrunnlaget og behov for tiltak.

1. Om vassområdet

Dei 9 kommunane som inngår i Sunnhordland vassområde er Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes og Vindafjord. I tillegg har delar av Kvam mindre areal innanfor vassområdet. Arealet er 4816 km².

Store deler av Sunnhordland vassområde er plassert i Ytre Hardangerfjord og har god vassutskifting av kystvatn, men det er også mindre terskelfjordar som gjer enkelte vassførekomstar meir sårbare for påverknadar. I vassområde er både industri og havbruk store næringar, vasskraft er mest utbygd i Etne og Kvinnherad, og jordbruk er ei viktig næring i fleire av kommunane. Topografien er dominert av korte avstandar frå fjell til fjord innanfor vassområdet.

Sunnhordland vassområde har 545 vassførekomstar fordelt på kyst (40) grunnvatn (9), innsjø (120) og elv (376). Økologisk tilstand for overflatevatn (naturlege) er god eller svært god for 64% av vassførekomstane, 33 % har moderat tilstand og 3 % har dårleg eller svært dårleg tilstand.

Sunnhordland vassområde ligg lengst sør i Vestland vassregion. Grensene mellom vassområda følgjer nedbørsgrensene.

2. Organisering av vassområdet

Prosjektplanen for 2022 – 2027 omtalar bakgrunn, mål, organisering, oppgåver, framdrift og økonomi for vassområdeutvalet. Vassområdekoordinator utførar det daglege arbeidet og er kontaktperson og sekretær for vassområdet. Vassområdekoordinator er tilsett i Vestland fylkeskommune i 100 % stilling (50% Sunnhordland vassområde og 50 % Vestland vassregion) og har kontorstad Bergen og Stord.



Drifta av vassområdet er finansiert gjennom eit spleiselag mellom fylkeskommunen og Miljødirektoratet (50 %) og kommunane i Sunnhordland vassområde (50 %). Forutan å drifte vassområdet, jobbar vassområdekoordinator i hovudsak opp mot kommunane som er med i spleiselaget.

Nærare omtale av vassområdeutval, administrativ gruppe, referansegruppe og temagruppe står omtalt i [prosjektplanen](#).

Sunnhordland vassområdeutval fungerer som styringsgruppe for arbeidet i vassområdet, med ein politisk vald og ein administrativ representant frå kvar kommune, i tillegg til representantar frå fylkeskommunen, Statsforvaltaren, NVE, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Statens vegvesen og Kystverket.

3. Aktivitet i 2024

3.1. Oversikt over aktivitet i vassområde

Vassområdeutvalet hadde digitalt møte den 10.04.24 (årsmøte). Før årsmøtesakene vart det gjennomført val av ny leiar og nestleiar av vassområdeutvalet. Ordførar i Etne kommune, Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, vart vald til leiar og ordførar i Bømlo kommune, Morten Helland, vart vald til nestleiar. Referat ligg på heimesida til Sunnhordland vassområde.

Godkjent vassforvaltningsplan skal leggst til grunn for regionale organs verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jf. Vassforskrifta § 29. Ei føresetnad for å nå miljømåla er at vassforvaltning er godt forankra i kommunale planar. Dette vert det jobba medviten med, men er noko som kan bli endå betre. Vestland vassregion har utarbeida ei sjekkliste for vassmiljø og kommunale planer, og det er venta ei nasjonal rettleiar til dette føremålet i april 2025.

Vassforvaltninga skal vere kunnskapsbasert og difor er oppdatering i vann-nett ei kontinuerleg og prioritert oppgåve i vassområdet. Miljøovervaking i regi av vassområdet tek ansvar for at data blir lagt inn i vannmiljø og vann-nett, og rapportar likeså. Skal me få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag om vatnet må alle som er oppdragsgjevar på undersøkingar i vatn sørge for at data blir lagt inn i vannmiljø (data i vannmiljø blir importert inn i vann-nett).

Gjennomføring av tiltak som kommunane sjølv har spelt inn til tiltaksprogrammet/vann-nett er eit viktig arbeid. Vassområdekoordinator har jamlege møter med kommunane der kunnskapsinnhenting og tiltaksgjennomføring er fokus. Etter kvart som tiltaka skrider fram oppdaterer vok dette i vann-nett når det blir informert om. Kravet i vassforskrifta (§ 25) er at tiltaka skal vere starta opp seinast innan 3 år etter at dei er vedteke som for denne planperioden vil sei ved utgangen av 2024.

Heimesida til Sunnhordland vassområde blir kontinuerleg oppdatert
<https://www.vannportalen.no/vannregioner/vestland/vassomrade/sunnhordland/>.



Sunnhordland vassområde har samarbeida om eutrofiovervaking i Vestland i 2024 og rapporten er venta i medio april 2025. Vassførekomstane som var med i undersøkinga går fram i vedlegg 1.


Det vert jobba etter rapporten «Habitatkartlegging for sjøaure i 2021 med forslag til tiltak» (elvar i Stord og Fitjar), men tiltaka som skulle bli gjennomført i 2024 ble utsett til 2025. Det har til no vore gjennomført tiltak i 2 vassdrag i regi av Stordøy Jeger- og Fiskarlag med midlar frå Sunnhordland vassområde, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland (Gjennom Miljødirektoratet sine tilskotsordningar). Hardangerfjord Villfisklag har stått for prosjektering av tiltaka.

Det er laga ein prosjektplan for habitatkartlegging av sjøaurebekkar i Sunnhordland vassområde for perioden 2024-2027: Bømlo (2024), Kvinnherad (2025), Etne (2026) og Sveio + Tysnes (2027). Overordna mål er å arbeide for å styrke lokale bestandar av laks og sjøaure i fjord og vassdrag. Målet er å få ein kartlegging av sjøaurebekkar med fokus på morfologiske påverknadar og mogleg tiltak for betre gyte- og oppvekstforhald for sjøaure, og i neste runde bidra til å betre miljøtilstanden. Det er gjennomført habitatkartlegging i 8 bekkar i Bømlo kommune i 2024 i tråd med prosjektplanen, finansiert av Miljødirektoratet og Sunnhordland vassområde.

Faggruppe avløp har hatt 3 møte i 2024; eit digitalt (januar) og to fysiske; Vindafjord (mars) og Tysnes (oktober). Opprydding i spreidd avløp er ei stor oppgåve for kommunane framover og målet er at faggruppa vil bidra positivt til at kommunane skal lukkast med dette. I juni arrangerte Sunnhordland vassområde eit 2 dagers kurs i spreidd avløp på Stord med vel 40 deltakarar. Kurset vart arrangert i samarbeid med Haugaland vassområde og med støtte frå både Vestland og Rogaland fylkeskommune der målgruppa var sakshandsamarar i kommunane og entreprenørar/rørleggjarar. Stord kommune var vertskommune for kurset.

Tabell 1 Oversikt over møter, synfaringar, arrangement i vassområdet 2024

Møte i	Dato	Hovudtema for møte / synfaring/aktivitet
Faggruppe avløp	17.01.24	Diskutere kurs i spreidd avløp og aktuelle tema framover, velje leiar for faggruppa.
Fitjar kommune	24.01.24	
Kvinnherad kommune	30.01.24	Tiltaksoppfølging landbruk
Vindafjord kommune	28.02.24	Overvåkingsprogram i Hardangerfjorden
Webinar	08.03.24	Kommunen og vatnet - politikaropplæring
Faggruppe avløp	13.03.24	Vindafjord vertskap. Aktuelle saker i kommunane.
Vassområdeutval	10.04.24	Årsmøte digitalt
Tysnes kommune	26.04.24	Synfaring + møte med administrasjon og ordførar
Bømlo kommune	27.05.24	Vann-nett
Kvinnherad kommune	28.05.24	Vann-nett
Fitjar Stord kommune	13.05.24	Ny kontaktperson – introdusere arbeidet
Kvinnherad kommune	28.05.24	Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget
Faggruppe avløp	4.-5.6.24	Kurs i spreidd avløp på Stord
Synfaring	18.06.24	Åreidelva Vestland fylkeskommune INV
Sunnhordland vassområdeutval administrativ gruppe	13.09.24	Resultat frå eutrofiovervakinga 2023 v/Faun Hovudutfordringar i Sunnhordland vassområde
Faggruppe avløp	09.10.24	Tysnes vertskap. Aktuelle saker i kommunane.
Vok treff med Rogaland	21.10.24	Synfaring Suldal vassdraget
Fitjar kommune	13.11.24	Ny adm kontaktperson



Tabell 2 Samla oversikt over aktivitet i vassområdet. VOU = vassområdeutval.

VOU	Adm. gruppe	Faggruppe	Temamøte	Referanse-gruppa	Møte med kommunar enkeltvis	Synfaringar	Anna
1	1	Avløp: 3			6	2	1 kurs i avløp

I 2024 har følgende informasjon/orienteringar/invitasjonar vert sendt til:

Informasjon sendt til	Dato	Hovudtema i informasjon
Vassområdeutval	16.02.24 26.03.24 12.04.24	Innkalling til møte politisk + adm Sende ut saksdokument til møte i vou 10. april Info om referat mm på vannportalen
Administrativ gruppe	19.08.24	Innkalling til møte i Sunnhordland vassområde adm 13. sept.
Faggruppe avløp	03.04.24	Invitasjon til kommunane om kurs i spreidd avløp i juni

Vassområdekoordinator har i 2024 deltatt på følgjande møte/arrangement/seminar:

Seminar/konferanse/møte	Dato	Tema/ merknad
Naturmangfaldsveka SF	16-19.01.24	Digitalt
Utviklingsplan for Vestland	16.01.24	Ope dialogmøte Stord
Lusekonferansen 2024	23-24.01.24	Digitalt
Reinare og rikare Hardangerelvar og fjord	25.01.24	Partnerskap mellom FoU, næringsliv og off. mynde for samla og samordne arbeidet om felles mål
Møte om tiltak innan akvakultur i vassforvaltningsplanane	29.01.24	VRM
Styrka marin innsats	06.02.24	Tilskotsseminar
Norge i rødt, hvitt og grått	13.02.24	Webinar
LFI-dagen Norge	15.03.24	Seminar om Bevarings- og restaureringsbiologi i praksis, Vestland
One Ocean Week, Bergen	16.04.24	Seminar om kunnskapsbasert planlegging av kystnære areal
Restaureringsseminar	23.04.24	Frie fiskeveier og samferdsel - digitalt
Informasjonsmøte ny rapport om samsvaret mellom trafikklyssystemet for havbruk og kvalitetsnorm for villaks	20.06.24	Digitalt
Rosendalsveko 2024	5-6.08.24	Klima, naturmangfald, energi, næringsutvikling og berekraft

Forureiningsveka SF	25-26.09.24	Avløp mm
Nasjonalt seminar om restaurering, Sandnes	22-23.10.24	
Kurs arealplanlegging og vassmiljø	12.11.24	Digitalt, Norsk vannforening
Webinar marine grunnkart	18.11.24	Vestland fk
Seminar Nytt avløpsdirektiv	04.12.24	Digitalt, Norsk vannforening
Møte med fiskeforvaltar SF	12.12.24	Diskutere kartlegging av sjøaurebekkar Kvinnherad
Bærekraftfredag	13.12.24	Berekraftig bruk og bevaring av natur - digitalt

3.2 Miljøundersøkingar i vassområdet

Det er gjennomført miljøundersøkingar i 7 elvar i Sunnhordland vassområde i 2024, i samsvar med delprogram eutrofi. Arbeidet er gjennomført som ein del av eutrofi overvakinga for heile Vestland vassregion. Føremålet er å følgje utviklinga i vassførekomstane som har for dårleg vasskvalitet grunna avrenning frå spreidde avløp og frå landbruk før, under og etter gjennomføring av tiltak. Vestland fylkeskommune koordinerer arbeidet og rapporten er venta medio april 2025. Konsulent: Rådgivende Biologer AS.


Tabell 3 Oversikt over miljøundersøkingar i vassområdet i 2024. Detaljar med stasjonsnett ligg i vedlegg 1.vf= vassførekomst.

Vasskjemisk overvaking (eutrofi forsuring, miljøgifter)	Begroingsalgar, heterotrof begroing, planteplankton	Botndyr	Fisk
Eutrofi: 28 vassprøver i elv fordelt på 7 elvar (Rådgivende Biologer AS)	Eutrofi: Begroingsalgar (aug-sept): 7 1 prøve per elv Heterotrof begroing (haust): 7 (1 per elv) (Rådgivende Biologer AS)	Eutrofi: Botndyr: 14 Vår og haust (2 per elv) (Rådgivende Biologer AS)	Habitatkartlegging av 8 sjøaurebekkar på Bømlo (Norconsult AS)

3.3 Anna aktuelt

Styrka marin innsats i Vestland – berekraftig sjømat – eit samarbeidsprosjekt

Vestland fylkeskommune starta i 2023 opp eit 3-årig prosjekt for å styrke den marine innsatsen. Prosjektet er førebels eit samarbeid med Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Sjømat Norge og Innovasjon Norge. Statsforvaltaren i Vestland er observatør. Den styrka marine innsatsen femnar først og fremst om problemstillingar innan berekraftig akvakultur og verdikjeda kring akvakultur. Det overordna målet med innsatsen er å legge til rette for ei styrka verdiskaping innan akvakultur i Vestland, samstundes som det blir lågare avtrykk på klima, miljø og naturmangfald. I tillegg er det viktig at innsatsen bidreg til at vi når miljømåla etter vassforskrifta. Vi må og drive akvakultur på ei berekraftig måte i tråd med EU sin taksonomi for berekraftige økonomiske aktivitetar (klassifiseringssystem som angir kriterium for kva aktivitetar som kan reknast som berekraftige).



For å få til den ønska utviklinga må vi saman gjere vårt for å vere med å løyse utfordringane innan m.a. arealbruk, lus, rømming, berekraftig fiskefôr, slam og andre avfallsressursar, fiskehelse og fiskevelferd. I prosjektet er det seks innsatsområde som skal medverke til den ønska utviklinga:

1. God planlegging og oppdaterte arealplanar 2. Kompetanse og rekruttering 3. Forsking og utvikling 4. Møteplassar og nettverk 5. Påverknad av rammevilkår 6. Ressursutnytting og verdikjeder.


«Me berre gjer da»

Fjortinget har vedteke at det skal bli utarbeida ein heilskapleg plan for reinare og rikare Hardangerelvar og fjord, under parolen: «Me berre gjer da». Prosjektet er tverrfagleg og skal samle kunnskapsgrunnlaget (forskningsbasert) om vassdrag og fjorden, og sjå på korleis tilstanden kan bli utbetra. Tiltaka skal bli prioritert etter forventa effekt og gjennomførast i tråd med dette. Eit overordna mål er å utvikle ein prosjektmodell som har overføringsverdi til andre tilsvarende økosystem. Tiltaka skal bidra til at vi når måla i høve FN sitt restaureringsmål, EU sitt vassdirektiv og andre viktige forvaltningsmål for Hardangerelvane og Hardangerfjorden.

4. Deltakar i utval og grupper

Vassområdeutval

Medlem	Politisk representant	Administrativ representant
Bømlo kommune	Morten Helland Vara: Ragni Sønstabø	Katrine Strand Sæterbø Vara: Tone Stavland
Etne kommune	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim Vara: Andreas Grumheden	Erik Kvalheim Vara: Eileen Selland
Fitjar kommune	Wenche Tislevoll Vara: Jo Kjetil Strand	Åse Meling Underhaug Vara: Louise Pettersen
Haugesund kommune	Arne Trygve Løvik Vara: Mette Lothe	Karianne Bakkevig
Kvinnerad kommune	Vegard Bjørnevik Vara: Thea Vaage	Synneve Skei
Stord kommune	Nancy Johanne Aasheim Vara: Øyvind Kyvik	Åse Meling Underhaug/Jostein Klette
Sveio kommune	Olav Østebø Olsen Vara: Monica Vandaskog Valen	Gjertrud Svartveit Osmundsen
Tysnes kommune	Synnøve Bakke Vara: Arne Leite	Christophe G. Sundal Vara: Ingrid Tysnes Stue
Vindafjord kommune	Ole Johan Vierdal Vara: Gustav Løge Fosse	Gaute Widerøe Hennig
Vestland fylkeskommune		Merete Farstad/Kari Bjørndal
Statsforvaltaren i Vestland		Julie Marie Andersen/Joachim Holmøyvik
Fiskeridirektoratet region Vest		Ola Midtun/Anne Brit Fjermedal
NVE		Stein W. Johansen/Håkon Berg Sundet/Martine Bjørnhaug



Kystverket		Lasse Aase Tønnesen
Mattilsynet Sør og Vest		Victor Martin Horvath(drikkevattn)/Sunniva Lie Børsheim (lakselus)
Statens vegvesen		Thorbjørn Hasund

Administrativ gruppe

Kommune	Administrativ representant
Bømlo kommune	Katrine Strand Sæterbø
Etne kommune	Erik Kvalheim
Fitjar kommune	Åse Meling Underhaug
Haugesund kommune	Karianne Bakkevig
Kvinnherad kommune	Synneve Skei
Stord kommune	Åse Meling Underhaug/Jostein Klette
Sveio kommune	Gjertrud Svartveit Osmundsen
Tysnes kommune	Christophe G. Sundal
Vindafjord kommune	Gaute Widerøe Hennig

Faggruppe avløp

Etat, organisasjon	Administrativ representant
Bømlo kommune	Katrine Strand Sæterbø Kåre Valde
Etne kommune	Eileen Selland/Monika Sævareid/ Kathrine Tungesvik Matre
Fitjar kommune	Åse Meling Underhaug/Bård Inge Sørfonn
Haugesund kommune	Karianne Bakkevig
Kvinnherad kommune	Synneve Skei Egil Eide
Stord kommune	Per Jarle Valvatnet/ Jannike Vestbøstad Maraas
Sveio kommune	Gjertrud S. Osmundsen
Tysnes kommune	Ingrid Tysnes Stue
Vindafjord kommune	Wilhelm Fjetland Trodahl Gaute Widerøe Hennig

Referansegruppe i vassområde

Organisasjon/interessent	Kontaktperson
Namn på org..	Namn

5. Rekneskap for 2024

Sunnhordland vassområde	2024 Budsjett	2024 Rekneskap
UTGIFTER		
Prosjektleiing	500 000	504 482
Møter, reiser, kurs	50 000	54 908
Konsulent kurs avløp	0	102 400
Vassanalysar og overvaking	266 000	242 382
Vassprøve forsuring Kvinnherad	0	3 527
Sjøaureprosjektet	550 000	276 939
Sum utgifter	1 366 000	1 184 638
INNTEKTER		
Frå kommunar	- 320 000	- 321 360
Frå fylkeskommunen/MD	- 320 000	- 321 360
Ekstramidlar fylkeskommunen/MD kunnskapsinnhenting	0	- 100 000
Statsforvaltaren miljøovervaking	- 110 000	- 110 000
Habitatkartlegging sjøaure Bømlo (MD)	-250 000	-250 000
Deltakaravgift kurs avløp	0	-110 000
Kursstønad frå fylkeskommunen	0	-30 000
Kursstønad Haugaland vannområde	0	-18 000
Sum inntekter	-1 000 000	-1 260 720
RESULTAT		
Bruk (+)fond	+ 366 000	- 76 082
Saldo pr 01.01.24	- 1 011 253	
Saldo pr 31.12.24	-1 161 594	

74 259 av fondet er rest tilskotsmidlar habitatkartlegging Bømlo

KOMMENTARAR TIL REKNESKAP 2024

Vassområdet sine driftsutgifter dekkast av eigenandeler frå deltakande kommunar, og med faste midlar frå fylkeskommunen og Miljødirektoratet.

Rekneskapen syner eit overskot i 2024 på kr 76 082.

Inntekter 2024:

Alle 9 kommunane betalte inn til spleiselaget i 2024 kr 321 360, og med ei 50/50 fordeling kom det inn kr 321 360 frå fylkeskommunen/MD. Statsforvaltaren har bidrege med ca. kr. 110 000 til miljøovervaking delprogram eutrofi til Sunnhordland vassområde. Sunnhordland vassområde fekk kr 250 000 i tilskot frå MD til habitatkartlegging av sjøaurebekkar på Bømlo.

Inntekter til kurs i spreidd avløp utgjorde totalt 158 000; Deltakaravgift (110 000), Vestland fk (30 000) og Haugaland vo/Rogaland fk (18 000).

Utgifter 2024:

Dei største utgiftene har vore løn til vassområdekoordinator (504 482), utgifter til sjøaureprosjektet (276 939) og utgifter til konsulenttenester (344 782); Kurs avløp (102 400), Faun restbeløp eutrofiovervaking 2023 (55 982) + honorar presentasjon (4 400), Rådgivende Biologer eutrofiovervaking 2024 (182 000).

6 Budsjett for 2025

Sunnhordland vassområde 2025 Budsjett

UTGIFTER	
Prosjektleiing	520 000
Møter, reiser, kurs	50 000
Vassanalysar og overvaking	300 000
Sjøaureprosjektet	550 000
Sum utgifter	1 420 000
INNTEKTER	
Frå kommunar	- 330 000
Frå fylkeskommunen/MD	- 330 000
Statsforvaltaren miljøovervaking	-110 000
Habitatkartlegging sjøaure Kvinnherad (MD)	-300 000
Sum inntekter	-1 070 000
RESULTAT	
Bruk(+)fond	+ 350 000
Saldo pr 1.1.25	- 1 161 594
Saldo pr 1.1.26	- 811 594

KOMMENTARAR TIL BUDSJETT 2025

Budsjettet for 2025 tar utgangspunkt i prosjektplanen for Sunnhordland vassområde 2022 – 2027, justert for lønsauke.

Utgifter 2025:

- I 2025 skal det gjennomførast eutrofi overvaking i elvar der kostnaden for 1 elv er rekna til kr. 30 000. Prisen for 8 elvar blir ca. kr. 240 000. Haugesund kommune skal undersøke 10 lokalitetar via same anbod, men dekker utgiftene over eige budsjett.
- Restbeløp eutrofi overvaking i innsjø i 2024 kr 26 000 (eksl. mva) blir fakturert i 2025.
- Habitatkartlegging sjøaure Kvinnherad; 375 000. Rest habitatkartlegging Bømlo 175 000.

Årsmelding - Sunnhordland vassområde 2024

Side 12 (av 18)

Inntekter 2025:

- Bidraga frå kommunane i vassområdet utgjer til saman 330 000 kr, i tråd med prosjektplanen.
- Fylkeskommunen og Miljødirektoratet bidrar til saman med same beløp som kommunane, i tråd med prosjektplanen, 330 000 kr.
- Statsforvaltaren bidreg med ca. kr. 110 000 til miljøovervaking delprogram eutrofi.
- Støtte frå miljødirektoratet til habitatkartlegging sjøaure Kvinnherad kr. 300 000.

Bruk av fond er rekna til 350 000 i 2025.



Midtvatnet i Fitjar kommune, Fitjar bekkefelt 044-54-R

Foto: Kari Bjørndal

Vedlegg 1

Oversikt over miljøovervaking i vassområde i 2024:

Kommune	Vassførekomst	ID vann-nett	ID vannmiljø	Merknad	Type undersøking
Etne	Etneelva	041-15-R	041-88026	Etneelva nede	Eutrofi
Kvinnherad	Storelva	045-58-R	045-92326	Storelva (Åmvik)	Eutrofi
Tysnes	Tysnesøya bekkefelt	054-8-R	054-108192	Eidaelv	Eutrofi
Bømlo	Bekker Bømlo sør	043-3-R	ny	Elv frå Holetjørna	Eutrofi
Sveio	Vigdarvatnet bekkefelt	041-109-R	ny	Elv frå Nordskogvatnet til Åsevatnet	Eutrofi
Stord	Storavatnet bekkefelt	044-59-R	ny	Båtsvikjo aust for Botsvik	Eutrofi
Fitjar	Storavatnet bekkefelt	044-34-R	044-108155	Elv til Kvernavika	Eutrofi

Kvalitetselement	Forklaring
Kj	Vassprøvar, analysepakke eutrofi, elv
MI	Botndyr (macroinvertebrate)
FA	Begroingsalgar (fastsittande algar)
HB	Heterotrof begroing, berre haustprøve